



ÅLESUND KOMMUNE

Etisk standard for tilsette og folkevalde



OPEN • ENGASJERT • MODIG

Nasjonal gjennomslagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

ETISK STANDARD

FOR TILSETTE OG FOLKEVALDE

1. Innleiing

Etikken sitt formål er å stille spørsmål om korleis vi bør handle i gitte situasjonar. Nye Ålesund kommune skal ha høg etisk standard. Openheit og refleksjon skal prege organisasjonen vår og danne grunnlaget for tillit mellom tilsette, politikar og innbyggjarar. Etisk standard skal bidra til etisk forsvarleg åtferd, og må sjåast i samanheng med kommunen sin visjon og verdiar.

Å halde ein høg etisk standard krev at vi snakkar jamleg om etikk. Å drøfte etiske problemstillingar gir oss nye perspektiv. Slik blir etikk eit nøkkelord i alt utviklingsarbeid.

Navigasjonshjulet kan vere til hjelp i vår etiske refleksjon gjennom at vi tenker over på kva grunnlag vi tek avgjerder. Korleis grunngir vi til dømes ei avgjerd som blir oppfatta som umoralsk, trass i at den er både lønsam og ikkje bryt lovar eller reglar.

Navigasjonshjulet



Dersom vi er i tvil om eit forhold er innanfor kommunen sin etiske standard, skal det drøftast med nærmaste leiar. Tilsette og folkevalde må gjere seg kjend med de retningslinjer som gjeld i kommunen og som kan presisere korleis ein skal handtere situasjonar som er omtala meir overordna her.

Nye Ålesund kommune forvaltar fellesskapet sine ressursar både som samfunnsutviklar, tenesteytar og arbeidsgivar. Vi skal ikkje krenke menneskeverd eller menneskerettar. Handlingane våre skal vere forsvarlege i eit klimaperspektiv, og vi skal bidra til å redusere direkte og indirekte negative konsekvensar på miljøet.

2. Openheit og respekt

Nye Ålesund kommune skal vere ein open organisasjon, med god intern kommunikasjon, respekt for kvarandre og takhøgde til å ta opp kritikkverdige forhold. Dersom vi gjer feil, skal vi følgje dette opp og nytte situasjonen til læring og forbetring.

3. Forerulege opplysningar og informasjon

Forerulege opplysningar som blir teke i mot i forbindelse med arbeidet i kommunen skal ikkje formidlast vidare til andre som ikkje har behov for eller har krav på opplysningane. All informasjon som blir gitt skal vere korrekt og vi skal bruke eit språk som er klårt og tydeleg for innbyggjarane.

Offentlegheit og ytringsfridom er viktige prinsipp for å sikre innsyn og kontroll med kommuneorganisasjonen. Vi skal vurdere meiroffentlegheit i alle saker.

4. Sosiale media

Tilsette og folkevalde må vere oppmerksame på at ein også i private samanhengar vil kunne bli oppfatta som representant for nye Ålesund kommune. Tilsette og folkevalde bør difor vere si rolle bevisst ved bruk av kommunikasjonskanalar som internett og sosiale media. Søk råd om kva konsekvensar slik bruk kan føre til.

5. Varsling

Tilsette og folkevalde skal vere lojale mot vedtak og avgjerder, men likevel vere modige og melde frå dersom vedtak er uetiske, ulovlege, tariffstridige, eller på anna måte strider mot det som kommunen står for.

Kritikkverdige forhold skal bli avdekka og fylgt opp. Tilsette har rett og plikt til å bidra til å førebygge og varsle om kritikkverdige forhold i kommunen. Varslinger frå politikarar skal gå til rådmann. Det vil bli utarbeida særskilte retningslinjer for varsling.

6. Habilitet

Vi skal unngå å komme i situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og våre private interesser. Dersom vi kjem i ei slik situasjon, skal forholdet takast opp med nærmaste leiar. Tilsette kan ikkje utan skriftleg tillating frå arbeidsgjevar ta på seg anna lønna arbeid, oppdrag, styreverv eller liknande som kan svekke folk flest sin tillit til Ålesund kommune si sakshandsaming.

Opplysningar om folkevalde og leiarar sine styreverv/økonomiske interesser bør registrerast i Styrevervregisteret.

Tilsette og folkevalde har eit ansvar for å gjere seg kjend med lovar og reglar som gjeld habilitet.

7. Personlege fordelar

Gåver

Tilsette og politikar skal ikkje ta i mot gåver eller personlege fordelar med mindre dette er ei gav eller fordel av symbolsk verdi (bøker, blomster etc). Årsaken til dette er at gåver bevisst eller ubevisst kan skape ein form for lojalitet som kan påverke saksførebuing, vedtak eller utøving av tenester, eller som kan føre til at nokon oppfattar det slik. Leiar skal bli orientert dersom gåver likevel vert forsøkt gitt eller teke i mot

Reiser og opphold

Tilsette sine reise- og opphaldsutgifter skal bli dekt av kommunen, KS, anna offentleg verksemd, eiga fagforeining eller liknande. Folkevalde skal i forkant orientere ordførar eller partileiar om reiser som blir dekt av andre enn kommunen, KS, annen offentleg verksemd eller eiga politisk parti.

Representasjon

Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i eit samarbeid. Dette må ikkje utviklast slik at det har innverknad på avgjerdssprosessar, eller kan føre til at nokon oppfattar at det har slik innverknad. Leiar skal vere orientert om representasjon og tilbod om representasjon. Når tilsette og folkevalde representerer nye Ålesund skal det bli vist måtehald med alkohol.

Kommunen sine ressursar

Privat bruk av kommunen sine egedelar kan bare skje der det er gitt tillatelse til dette og i samsvar med kommunen sine retningslinjer.

Rabattavtalar

Tilsette og folkevalde skal ikkje nytte si posisjon til å inngå rabattavtalar eller nytte kommunen sine eksisterande leverandøravtaler for privat bruk. Dette gjeld ikkje tilbod knytt til kommunen sine velferdsordningar.

Reklame og referansar

Korkje kommunen som organisasjon, folkevalde eller tilsette skal delta i reklame for leverandørar som har levert produkt eller tenester til kommunen.

Vi kan vere referanse for ein leverandør når dette skjer utan at det påverkar leverandøren sin pris overfor nye Ålesund kommune.

8. Forretningsdrift

Nye Ålesund skal vere føreseieleg, transparent og kunne etterprøvast i all forretningsdrift og innkjøp. Likebehandling av leverandører skal ligge til grunn.

Tilsette som kjøper varer og tenester på vegne av kommunen plikter å sette seg grundig inn i og etterleve lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

9. Sanksjonar

Brot på etisk standard vil kunne få konsekvensar for den enkelte sitt arbeidsforhold eller oppdrag i nye Ålesund kommune, som til dømes munnleg eller skriftleg åtvaring.

Eg er kjend med denne etiske standard for tilsette og folkevalde.

Stad/ dato: _____

Tilsett / Folkevald